

**Beredskapsplan for Radøy kommune**



**2013**

**oppdatert november 2013**

## **Innleiing**

### **Bakgrunn, kvifor samfunnsberedskap?**

Alle kommunar kan bli ramma av kriser eller hendingar som kan føre til stor og omfattande skade. Liv, helse, miljø og materielle verdiar kan bli sett i fare.

Samfunnsviktige funksjoner som for eksempel telekommunikasjon, vatn-, vare-og elektrisitetsforsyning er sårbare for ekstraordinære påkjenningar.

Ved å førebu seg på handtering av ulike hendingar, kan kommunen i stor grad redusere uheldige konsekvensar av ei krise. Dette gjelder både i høve til kommunen si drift, og i høve til samfunnsområde kommunen har ansvar for. Oppretting av kriseleiing og utarbeiding av kriseplanar vil difor være viktig hjelpemiddel for kommunen si evne til å kunne handtere uønskete hendingar.

### **Mål**

Måla med planar innan samfunnsberedskap er å planleggje forberedte handlingar for å møte ulykker og andre påkjenningar som i art og omfang går ut over det som kan reknast som normalrisiko og normalbelastning. Vidare er målet å opprette og utvikle ei kriseleiing som kan handtere ulykker og katastrofar og som kan reagere rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar.

Beredskapsplaner innafor forskjellige område skal sikre at kommunen kan omstille seg frå drift i normalsituasjon til drift i ekstraordinære situasjonar på ein rask og smidig måte. Samstundes skal planen sikre adekvat handtering av situasjonen i høve til omfanget av hendinga og slik førebyggje og avgrense skade og sjukdom, og sikra liv og helse. Planen skal sikre både det skadeførebyggjande og skadeavgrensande perspektivet.

### **Prinsipp i beredskapsarbeidet**

Tryggleiks-og beredskapsarbeidet i Noreg byggjer på tre viktige prinsipp:

-**Ansvarsprinsippet**: Den som har ansvaret for ein verksemd, har også ansvaret for verksemda i ein ekstraordinær situasjon.

-**Likskapsprinsippet**: Organiseringa i ekstraordinære situasjonar, krise og krig skal være mest mogleg lik organiseringa i normalsituasjonen.

-**Nærleiksprinsippet**: Ekstraordinære situasjonar skal handterast på lågast mogleg nivå.

### **Definisjon av omgrepet krise**

Kriser er ikkje berre noko naturen sjølv skaper, menneske skaper som regel dei største krisene sjølv. Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) opererer derfor med det utvida kriseomgrepet:

*"En virksomhet (organisasjon, institusjon, myndighet eller menneske) er i en krise når det oppstår en situasjon som truer eller kan true virksomhetens kjernevirksomhet og/eller troverdighet."*

*Omgrepet "krise" kan og definerast på andre måtar. Krise vert av mange definert som "ei uføresett hending som rammer spesielle/større grupper av personer og/eller har større materiell skadeomfang og som krev større ressursar enn det ordinære apparatet kan handtere på ein tilfredsstillande måte".*

### **Kjenneteikn på kriser**

Det er vanskeleg å kome med ein klar og konkret forklaring på kva som er ein

krisesituasjon. Denne vil være situasjonsavhengig og individuell i høve til vurdering og omstende til den eller dei som vert råka. Sjølv om kvar krise er unik, kan einskilde kjenneteikn være med å identifisere ein krisesituasjon:

- krisa kjem overraskande
- mangel på kontroll
- vitale interesser står på spel
- mange aktørar

- tidspress
- samanbrot i den regulære vedtaksprosessen
- fokus på kortsiktige løysningar
- usikkerheit
- mangel på informasjon
- intens interesse og oppfølging frå utanforståande.

#### Krisehandtering

Krisehandtering kan definerast som summen av aktivitetar og tiltak som kommunen gjennomfører på grunn av krisa, med føremål å sikre liv, helse, samfunnsviktige funksjonar og materielle verdiar, samt avgrense skadeomfang og bringe krisa til opphøyr.

Løysing av kriserelaterte oppgåver krev ut frå dette ressursar, kompetanse og ein organisering som muliggjer ei effektiv handtering av situasjonen og ein rask tilbakestilling til normalsituasjonen. I ein krisesituasjon er det ut frå dette viktig med rask iverksetjing av tiltak, med ein stor grad av autoritet og tillit.

#### **Retningsliner lokal organisering**

Ein kommune skal organiserast på ein måte som set kommunen i stand til å handtere eit stort spekter av kriser eller uføresette hendingar. Det er difor viktig at kriseleiinga og normalorganiseringa av kommunen er den same eller tilnærma den same.

Hovudprinsippet er at krisa skal løysast på lavast mogeleg nivå, og i linja. Det må difor være mest mogeleg likskap mellom den normale organiseringa og kriseorganiseringa, slik at ein sikrar kontinuitet, oppfølging og kontroll andsynes førebygging og handtering av kriser.

Ansvar for ei teneste i normalsituasjonen gir beredskapsansvar. Den som innehar ei oppgåve i det daglege skal og inneha oppgåva når ekstraordinære situasjonar er til stades.

Akutenester og beredskapstenester skal være integrerte i den daglege tenesteytinga. Ekstraordinære situasjonar kan gjera det naudsynt med omfordeling av ressursar, personell og utstyr. Utfordringar kommunen vil bli utsett for i tilfelle krig vil ikkje skilja seg vesentleg frå situasjonar eller utfordringar som kommunen må handtere ved krise eller katastrofe i fredstid.

Toppleiinga i kommunen utgjer den strategiske leiinga, og er ansvarlig for korleis krisa vert handtert. Med dette utgangspunkt har rådmannen oppretta og organisert kriseleiing. Kriseleiinga trer i funksjon når kriser oppstår. Kriseleiinga har som hovudoppgåve å redusere uheldige konsekvensar av ei krise, samt freiste å løyse krisa dersom dette let seg gjere.

Den operative og taktiske del av krisehandteringa vert normalt ivareteke av personar som er spesielt rekruttert og trena for å ivareta bestemte funksjoner. Eksempel på

dette er ulike interne innsatspersonell eller politi-, brann-og helsepersonell.

## **Kriseplan**

Ein kriseplan skal minimum omfatte plan for kriseleiing, ressursoversikt, kriseinformasjon og varslingsliste. Planen vil være et naudsynt hjelpemiddel for å reagere raskt og effektivt i kritiske og pressa situasjonar. Planen skal byggje på den daglege tenesta, og gjelde for ekstraordinære situasjonar.

Ein kriseplan byggjer til vanleg på risiko-og sårbarheitsanalyser innan forskjellige deler av kommunen sitt ansvarsområde. Gjennom slike analyser vil ein få rimeleg god oversikt over svakheit i og rundt dei forskjellige områda, og kvar det mest sannsynlig kan oppstå problem.

Evna til god krisehandtering føreset at tilsette innafor dei forskjellige ansvarsområda er kjent med sine kriseplanar, og at involverte tilsette er øva og trend til å takle ulike uønskte hendingar. Ved å kartlegge og øve på realistiske scenarie vert det vidareutvikla kunnskap og dugleik om korleis ein skal leggje til rette, styre og gjennomføre kommunen si krisehandtering.

### Tilhøve til andre beredskapsplanar

Planen ”Samfunnsberedskap i fredstid” er ein av fleire planer innan helsemessig og sosial beredskap i Radøy kommune.

Planen er overordna andre kommunale beredskapsplaner.

Innafor einskilde område er det utarbeida egne sektorplaner knytta til beredskap.

Desse planane skal i tillegg nyttast dersom hendingar som planane tek føre seg inntreff.

Me kan spesielt nemna følgjande planer:

- Smittevernplan
- Katastrofeplan
- Radøy kriseteam / sorgteam
- Kriseplan skule
- Beredskapsplan for vassforsyning
- Beredskap ved atomulykker
- Beredskap mot akutt forureining IUA Bergensregionen.
- Kommunedelplan for helse

Som vedlegg følgjer oversikt over kva fleire av desse planane inneheld.

### Offentleg organisering av kriseplanlegging

I Noreg er prinsippet at ei krise skal handterast på lavast mulig forvaltningsnivå.

Kommunen er dermed det offentlige nivået som handterer flest kriser.

Det er tre nivå av kriseorganisering i Noreg; kommune, fylkesmann og sentralt nivå.

I samband med krisehandtering skal kommunen i naudsynleg grad samarbeide med statlige etatar på lokalt nivå, private institusjonar og fylkesmannen. Politiet er ein viktig samarbeidspartnar for kommunen.

Fylkesmannen har samordningsansvar ved krisehandtering på regionalt nivå ved kriser som truer materielle verdiar. Fylkesmannens rolle er blant anna å skaffe til veie ressursar. Når ein krise spenner over ansvarsområdet til fleire etatar på regionalt nivå, kan Fylkesmannen kalle saman et kriseutval med utgangspunkt i

Fylkesberedskapsrådet.

På sentralt nivå er det regjeringa som fattar vedtak andsynes kriser av nasjonal karakter.

Når fylkesmannen har trong for ressursar ut over det som kan skaffast gjennom fylkesberedskapsrådet melder fylkesmannen trongen inn for Justisdepartementet.

Justisdepartementet har ansvaret for den vidare samordninga.

Andre definisjonar:

Helsemessig-og sosial beredskap

Beredskap innan kommunehelsetenesta, spesialisthelsetenesta og sosialtenesta i kommunar, fylkeskommunar og staten, herunder beredskap innan ambulansetenesta, kommunikasjon, smittevern , næringsmiddel-og drikkevatt, evakuering. Beredskap ved atomulykker, forsyningstenester og personell er omfatta av helsemessig og sosial beredskap.

Plan for helsemessig-og sosial beredskap

Ei samling førebudde beredskapstiltak som verksemda kan setja i verk raskt i ein ekstraordinær situasjon for å redusere skadeverknad på folks liv, helse og velferd.

Normalsituasjon: Ein situasjon der oppgåvene for verksemda ikkje er større enn at dei kan handterast med normal drift.

Ekstraordinær situasjon: Ein situasjon der oppgåvene for verksemda er så store at dei ikkje kan handterast utan at aktiviteten vert lagt om og eventuelt ekstra ressursar sett inn. Dette kan vere ulukker, kriser og katastrofar i fredstid eller i krig.

Samfunnsulukke: Situasjonar der viktige samfunnsfunksjonar er satt ut av spel.

Beredskap: Evne til å kunna halda fram med, utvida og om naudsynt leggja om aktivitetar ein held på med i det daglege for å yte naudsynt hjelp i ein ekstraordinær situasjon.

Beredskapsplan: Ei samling av førebudde tiltak som kan setjast i verk raskt i ein ekstraordinær situasjon og ei beskriving av det kontinuerlege beredskapsarbeidet.

Aksjonsplan: Ein del av beredskapsplanen sin operative del der dei førebudde tiltaka for handtering av ein ekstraordinær situasjon er beskrive. Aksjonsplanen kan vere generell i høve til hendinga sitt omfang eller spesiell i høve til ein særskild hending.

## **Beredskapsrådet**

Beredskapsrådet er det øvste organ for sivilt beredskap i Radøy kommune.

Noverande organisering av beredskapsrådet vart utarbeida og vedteke i høve til tidlegare kommunelov. Ny kommunelov tok til å virke januar 1993. Lova legg opp til endra og meir avklart tilhøve mellom politikk og administrasjon.

Radøy kommunestyre vedtok i sit møte 31.05.01, k-sak 41/01, å delegere til rådmannen å opprette/organisere kriseleiing. Kommunestyret sitt vedtak saman med etterfølgjande organisering av kriseleiing griper direkte inn i noverande organisering av beredskapsrådet.

Endringar nemnd over fører til at organisering av beredskapsrådet vert å endra tilsvarande.

Fylkesmannen rår i brev til kommunane datert 05.10.00 til at beredskapsrådet frametter vert nytta som eit større og meir vidtfemnande forum utan operativ funksjon, dvs at beredskapsrådet frametter vert nytta som eit forum for informasjon og drøfting av beredskapsarbeidet på meir generell basis.

Av aktuelle tema som kan drøftast i beredskapsrådet nemner fylkesmannen følgjande: Arbeide med ROS og BIS, med regulerings- og kommuneplaner, gjensidig orientering om planlegging og ressursutvikling, klargjering av ansvars- og rolledeling, og ikkje minst legge grunnlag for styrka samarbeid på tvers av "etats-" og forvaltningsgrenser.

Med utgangspunkt i ovanfor nemde har rådmannen som målsetnad å leggje fram ei sak for formannskap og kommunestyre, omhandlande endring av mandat og samansetnad av beredskapsrådet. Rådmannen vil rå til at beredskapsrådet får følgjande

### **Samansetjing:**

Medlem	Varamedlem
Ordførar, leiar.	Varaordførar
Rådmann.	Ass rådmann
Lensmann.	Vakt. betjent
Områdesjefen.	HV-område NK
Sivilforsvaret v/FIG-leiar	Lokal representant

### **Utvida beredskapsråd:**

Mattilsynet  
Repr. frivillige organisasjonar  
Repr. for større bedrifter

Leiar for beredskapsrådet avgjer kven og kor mange som skal kallast inn av representantar frå frivillige organisasjonar og større verksemder.

Andre tilsette i kommunale nøkkelstillingar kan kallast inn ved behov. Spesielt gjeld dette heil eller delvis innkalling av støttefunksjonar i form av kriseleiing og kriseleiinga sin stab, samt einingsleiarane innan teknisk, helse, pleie og omsorg.

Ordfører er leiar i beredskapsrådet, og kallar rådet inn til møte. I fredstid kan innkallinga finne stad på eige initiativ frå ordfører, eller etter oppmoding frå rådmann.

Ved ufred kan fylkesmannen, representantar frå forsvaret og formannskap/kommunestyre koma med pålegg om innkalling.

## Kriseleiing Endra 20. november 2013

Kommunal kriseleiing KKL er eit operativt organ som skal syte for lokal leiing, samordning og samhandling, i samband med handtering av kriser, ulykker og andre uføresette hendingar. Ut frå dette har kriseleiinga ansvar for kommunen sin del av den sivile beredskap, og tek seg av denne.

Radøy kommunestyre delegerte i møte 31.05.01, K-sak 41/01, til rådmannen å opprette og organisera kriseleiing. Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak vert det oppretta kriseleiing med følgjande samansetjing og hovudoppgåver:

KKL er organisert etter ein modell med leiar og funksjonane personell, etterretning, operasjon, logistikk og informasjon. Etter dette kalla leiar og K1 - K5

Leiar	Rådmann	Jarle Landås
Vara	Kommunalsjef	Johan B. Sandal
K1 - personell (Ressursen K1 vert kalla inn ved behov)	Personalsjef	Kjetil Morken
K2 - etterretning	Kommunalsjef	Jo Bjarte Tømmerbakke
Vara	Rådgjevar	Helge Vallestad
K-3 operasjon	Kommunalsjef	Lisbeth Toppe Alvær
Vara	driftsjef	Tore Rikstad
K-4 logistikk	Kommunalsjef	Johan B. Sandal
Vara	Rådgjevar	Nina Kvamme
K-5 informasjon	Konsulent	Arthur Kleiveland
Vara	Sørvistorget	
Koordinator i KKL	Rådgjevar	Harald Stanghelle

I tillegg kjem:

Mediakontakt, info til publikum og pårørande  
Vara

Ordførar Jon Askeland  
Varaordførar Ann Christin Hoen

Loggførar Anne Austrheim  
Bergfrid Tjore

Andre på sørvistorget

Vara

Vara møter når eit medlem sjølv ikkje har høve til å møta.

Medlemmer har sjølv ansvaret for å halda vara orientert og oppdatert, samt å kalla vara inn.

Ved langvarige kriser er skal kvart medlem syta for informasjon slik at vara kan ta over oppgåver ved mannskapsskifte.

I tillegg kallar KKL inn dei personalressursar som er naudsynte for handteringa av hendinga.



## **Makt og mynde**

Kriseleiinga si makt og mynde

Kriseleiinga si totale makt og mynde er identisk med den samla makt og mynde det einskilde medlem har fått delegert i kraft av si stilling. I tillegg vedtok kommunestyret i møte 31.05.01, K-sak 41/01, mellom anna å tildele rådmannen mynde til å overstyra/overskrida vedteke budsjett med inntil kr 1.000.000 når kriser som krev strakstiltak oppstår. Rådmannen kan delegera vidare si fullmakt heilt eller delvis, fortrinnsvis til kriseleiinga som kollektivt organ.

### **Utvida fullmakt til ordførar og formannskap**

Radøy kommunestyre vedtok i sitt møte 31.05.01, F-sak 40/01, følgjande andsynes utvida mynde til ordførar og formannskap:

1. Ordførar innehar kommunestyret si generelle mynde når kriser som krev strakstiltak oppstår. Ordførar kan delegera vidare si fullmakt.
2. Formannskapet som kollektivt organ innehar kommunestyret si generelle mynde når kriser som krev strakstiltak oppstår, og ordførar ikkje er tilgjengeleg i kommunen. Formannskapet kan sjølv nemna opp setjevaraordførar når ordførar/varaordførar ikkje er tilgjengeleg i kommunen, og sjølv delegera sine fullmakter heilt eller delvis til denne.”

## **Kriseleiinga sine hovudoppgåver:**

**Leiar** er leiar av arbeidet i KKL på overordna nivå i nært samarbeid med K3, operasjon. Leiinga skal vera proaktiv og retta mot verst tenkelege utvikling. Leiinga skal og fokusera på kommunen sine daglege oppgåver og sikre drift av desse og prioritere oppgåver som må vente, eller løyse ut erstatningstiltak. Leie normalisering og gjennomføring til normal drift. Debriefing av innsatspersonell.

**K1 - personell.** Halde oversikt over personell og disponere desse ved hendingar, utarbeide forsvarlege skiftordningar ved langvarige behov for innsats og kjenne til eventuell erstatningsressurs. Arbeidsavtalar for eksterne aktørar, løn og godtgjering.

Organisera naudsynt bistand til innsatspersonell som td. henting i barnehage, SFO, barnevakt osv.

**K2 - etterretning.** Syte for naudsynt informasjon til og frå KKL. Halde kommunikasjon med leiar på skadestad, naudetatar, sjukehus, kommunar, fylkesmann, -kommune og andre rørte partar.

Informasjon til K5 - informasjon i samband med informasjon ut frå KKL.

**K3 - operasjon.** Hjelpa leiar med å halda fokus leiar har peika ut, samordne og planleggja fram i tid, timar, dagar, veker osv.

**K4 - logistikk.** Syte for logistikk for forsyningar til KKL, forsyningar til innsatspersonell og menneske ramma av hendinga og pårørande. Mat, drikke, medisinar, varme, husrom, transport, stell mm.

**K5 -informasjon.** Syte for intern og ekstern informasjon. Utarbeide kriseinformasjon på eigna media, medieovervaking, pressehandtering, styre og administrere pressekonferansar. Informasjonsytar til kriseinfo.no

Loggføring med eigne loggførarar. Alle aktivitetar skal loggførast ved hjelp av DSB-CIM eller på skjema.

K5 samarbeidet tett med media kommune sin kontakt mot presse, innbyggjarar, ramma av hendinga, pårørande mm, som er ordføraren.

**Koordinatorar.** Syte for at KKL tenester for drift av KKL og at interne funksjonar i KKL virkar. Rapportar til fylkesmann og andre.

Den kommunale kriseleiinga har ein overordna funksjon i det kommunale beredskapsarbeidet/leiinga. Ut frå dette skal medlemmer av kriseleiinga til vanleg ikkje delta i sjølve det operative arbeidet eller feltarbeidet, t.d på ein eventuell skadestad.

**Lokalisering** Oppdatert 20. nov 2013

**Hovudlokalisering:**

Kriseleinga skal lokaliserast til rådmannen sitt kontor.  
Sørvistorget skal i tillegg kunne nyttast dersom trongen for dette er til stades.

**Reservelokalisering:**

Skulebygg i kommunen vert reservelokalisering dersom rådhuset ikkje kan nyttast. Eigna skule vert bestemt i kvart høve.

## **Varsling/innkalling kriseleiing** Oppdatert 20. nov 2013

### **Generelt**

Innafor eige ansvarsområde skal den einskilde syte for at det vert utarbeida funksjonelle varslingsplanar og -rutinar, og at desse til ei kvar tid er oppdaterte og funksjonelle. Varslingsplanar og –rutinar skal fungere uavhengig av om kriseleiinga er i funksjon eller ikkje. Kopi av varslingsplanane vert å levere til rådmannen.

### **Varsling av kommunen**

Den einskilde tilsette i Radøy kommune skal, når han/ho får kjennskap til feil, ulykke eller krise, gjennomføre naudsynte strakstiltak for å avgrense skaden. Eventuell akutt melding eller informasjon skal gjevast til personar som er eller straks vil kome i alvorleg fare.

Den som får varsel om feil eller uhell av uvanleg storleik, varslar næraste overordna/linjeleiar, etter at hovudvarslinga (eks. politi, brann, lege, ambulanse) har funne stad.

Næraste overordna syter deretter for at rådmannen vert varsla. Dersom overordna ikkje er tilgjengeleg, skal rådmannen varslast direkte.

Det er forventa at mindre kriser framleis vert løyst av det daglege driftsapparatet, utan innkalling av kommunen si kriseleiing.

Organ utanfor kommunen varslar kommunen gjennom kommunen sitt sørvistorg. Utanfor sørviskontoret si opningstid skal vakttelefonen for VA vakt nyttast, elles kan direktenummer til den einskilde nyttast. Telefonliste over leiarane finn ein lenger nede i vedlegg til planen. For dei fleste vil og varsling gjennom lensmann og/eller politiet sitt naudnummer 112, vere naturleg varslingsveg.

### **Varsling rådmann og ordførar**

Ved større ulykker eller kriser skal den til ei kvar tid fungerande rådmann og ordførar varslast.

Fungerande brannsjef, driftsleiar teknisk, kommuneoverlege innehar eit hovudansvar for å varsle rådmannen og ordførar ved større ulykker eller kriser. NB! Det er betre å varsle ein gong for mykje enn ein gong for lite. Ordførar og rådmannen har eit gjensidig ansvar for å varsla kvarandre.

## **Varsling/innkalling kriseleing og stab**

Rådmannen kallar inn kriseleing og stab.

Innkallinga finn stad på eige initiativ frå rådmannen, eller etter oppmoding frå ordførar, politi/lensmann, fylkesmann, brannsjef, kommuneoverlege, driftsleiar teknisk eller andre nært knytt til kommunen sin sivile beredskap.

Rådmannen kan invitara eller trekkja inn andre dersom trongen for dette er til stades.

Det same gjeld dersom ordførar eller andre i kriseleinga har kome med ynskje om dette.

Andre som kan trekkast inn, vil spesielt vera representantar frå mattilsynet, politi/lensmann, sivilforsvaret, representantar for lokale føretak og representantar for frivillige organisasjonar.

## **Nasjonale kriser eller krigstilstandar**

Nasjonale kriser eller krigstilstandar vert varsla av fylkesmannen. Varslinga vert gjeve til ordførar, rådmann eller den rådmannen gjev mynde.

Varsling av nøkkelpersonale i kommunen vert gjennomført av kriseleinga, i samsvar med eigen varslingsplan. All varsling skjer i klart språk.

## Varslingsplan kriseleiing/-stab 20. nov 2013

Jon Askeland, ordførar, varslar:

Jarle Landås 48107229

Jarle Landås, rådmann, varslar:

Jon Askeland 47459720

Johan B. Sandal 95236496

varslar ved behov Nina Kvamme 95120665

Lisbeth Toppe Alvær

varslar ved behov Tore Rikstad 90866656

Jo Bjarte Tømmerbakke 47462610

varslar ved behov Helge Vallestad 48009949

Arthur Kleiveland 90735324

varslar loggførar

Harald J. Stanghelle 97693456

Leiar kan ved varsel overlata vidare varsling til medlemmer i KKL.

Varsling/innkalling vara

Det einskilde medlem i kriseleiinga og –stab innehar sjølv ansvaret for å halda vara orientert og oppdatert.

Det einskilde medlem i kriseleiing og –stab innehar sjølv ansvaret for å kalle vara inn dersom eit medlem sjølv ikkje har høve til å møte.

Dersom den som kallar inn, ikkje får tak i den han skal kalle inn, kallar han i staden inn vara for denne.

Telefonar

Jon Askeland	56349010/47459720
Jarle Landås rådmann	56349020/48107229
Johan B. Sandal	56349015/95236496
Lisbeth Toppe Alvær	56349019/93036156
Jo Bjarte Tømmerbakke	56349018/ 47462610
Helge Vallestad rådgjevar oppvekst	56349025/48009945
Nina Kvamme rådgjevar omsorg	56349013/95120665
Harald J. Stanghelle beredskapskoordinator	56349009/97693456
Arthur Kleiveland	56349008/90132143

## **Kriseleiing, stab-/støttefunksjonar** Oppdatert 20. nov 2013

I tillegg til sjølve kriseleiinga vert det oppretta følgjande stab:

### **Sekretariat**

Sørvistorget fungerer som sekretariat:

Leiar for sørvistorget Lin Tove Thomassen fungerer som sekretariatsleiar, med Bente Hervik som nestleiar.

### **Samband, teknisk kommunikasjon og –utstyr**

Harald J. Stanghelle, og Odd Matre

### **Forpleining og forsyning**

K-4

### **Innkvartering**

K-4

### **Ordonans**

Tilsette på rådhuset og i prestegarden, som ikkje er førehandsdisponert andre stader i kommunen.

### **Brann – brannberedskap**

Brannsjef

Andre styringsmakter, bedrifter, lag og organisasjonar:

Leiar for kriseleiinga kan invitere andre til å delta i kriseleiinga dersom trongen for dette er til stades. Spesielt gjeld dette representantar frå følgjande:

Politi/lensmann

Sivilforsvaret

Heimevernet

Krise-og sorgteam

Frivillige lag og organisasjonar

Større bedrifter

## **Organisering ved langvarige kriser**

Til tider kan ei krise vare over lengre tid, dvs. over fleire dagar eller veker. Dette fører til at kriseleiing, stab og støttefunksjonar må delast opp i vaktturnus som til ei kvar tid må vera funksjonell.

Fungerande leiar av KKL har ansvaret for å leggja til rette ei funksjonell organisering dersom ei krise vert langvarig.

Ved oppretting av kriseleiing har ein teke høgde for dette. Ved langvarige kriser kan kriseleiinga delast opp og vara trekkjast inn.

## **Kommentarar til organisering**

Kriseleiing og –stab er i hovudsak dimensjonert for å kunne handtere ei ”verst mogleg hending” som det er naturleg for ei kommunal kriseleiing å kunne handtere.

Det vil difor vere lite sannsynleg at heile kriseleiinga vert kalla inn ved hending av ”mindre storleik”, alternativt at deler av innkalla kriseleiing vert permitert dersom det syner seg at trongen for full bemanning ikkje er til stades.

Vurdering av kven og kor mange i kriseleiinga som skal kallast inn ved hending av mindre storleik, alternativt kven eller kor mange som kan permitterast, finn stad i kvar einskild tilfelle når hendinga har vorte ein realitet.

Ved hending som krev at kriseleiinga skal vera operativ over fleire døgn eller dagar skal ein som utgangspunkt framleis nytta oppnemnde medlemmer og vara-, men organisering og dimensjonering må endrast og tilpassast kvar einskild tilhøve. I denne vurderinga skal det takast høgde for at representantar frå rådmann til ei kvar tid er til stades.

Innkalling og dimensjonering av stab finn stad ut frå vurdering av behova i kvart einskild tilfelle.



## **Evakuerings-og tilflytting** Oppdatert 22/11-2013

KKL leiar evakueringsnemnda  
Robert Mjøs, medlem

I utgangspunktet er det politiet som vil leia evakueringsaksjonar. Dersom politiet ber om at kommunen assisterer, innehar k-4 det direkte og operative ansvaret for evakueringa.

### **Mannskapsressursar som kan nyttast**

- Brannmannskap
- Helsepersonale
- FIG
- HV-mannskap

### **Oppgåvene til Evakueringsleiinga**

Evakueringsoppgåva går i hovudsak ut på evakuering av personar frå eit skadeområde eller eit utsett område i kommunen til andre område i eller utanfor kommunen.

Som ein del av dette arbeidet kan følgjande nemnast:

- 1 Skaffe oversyn over evakueringsområdet (Kven bur og oppheld seg i området)
- 2 Syte for at det vert gjeve informasjon til befolkninga i evakueringsområdet om korleis det skal evakuerast, kva dei skal ta med seg m.m. Ordførar informerer utad.
- 3 Skaffe eigna transport
- 4 Samle personar i eigna lokale når innkvartering ikkje kan skje direkte
- 5 Stå for registrering av kven som vert innkvartert kvar, flyttar på eiga hand osv.
- 6 Kontrollere at evakueringsområdet er tomt, og om naudsynt sette ut vaktmannskap.
- 7 Syte for pleie, klede m.m.
- 8 Syte for omsorgsfunksjon, prest m.m.
- 9 Gje informasjon til kriseleiing og informasjonstenesta.

### **Innkvarteringsnemnd**

Rektorane ved barneskulane vart i K-sak 22/04 valde som innkvarteringsnemnder for kvar sin skulekrins.

### **Aktuelle innkvarteringsstadar i Radøy kommune og nærområdet.**

Vert vurdert i kvart tilfelle.

## Telefonliste med leiarar i Radøy kommune. Oppdatert 20. nov 2013

Vakttelefon 482 87 182

Sentraladministrasjonen

Jarle Landås rådmann 56349020/48107229

Johan B. Sandal 56349015/95236496  
Lisbeth Toppe Alvær 56349019/93036156  
Jo Bjarte Tømmerbakke 56349018/ 47462610  
Sveinung Kvamme økonomisjef 56349040/90957578  
Helge Vallestad rådgjevar oppvekst 56349025/48009945  
Nina Kvamme rådgjevar omsorg 56349013/95120665  
Harald J. Stanghelle beredskapskoordinator 56349009/97693456  
Kjetil Morken personalrådgjevar 56349007/48052319  
Tonje Epland juridisk rådgjevar 56349050/90890781

Leiar resultateining:

Roy Thomassen Radøy ungdomsskule 56349105/  
Inger M Ellingsen Manger barneskule 56346272/97668332  
Hanne-Mari Engen Hordabø skule 56346272/90135299  
Torunn Hovden Austebygd skule/bhg 56372046/41105178  
Rolf Sandstad Sæbø skule 56349810/45618258  
Jarnfrid Gunnarson Radøy musikk/kulturskule 56349035/90843576  
Rita V. Amundsen Prestmarka barnehage 56349066/41421180  
Tony Vetaas Sæbø barnehage 56349820/45299069  
Gro Håland Bø barnehage 56370155/98624926  
Johnny Brattetaule Heimetenesta 56349191/99328380  
Anne Brattetaule Velferdssenteret 56349138/99554593  
Jørgen Bleikli BF-tenesta 56349071/40038476  
Svein Ove Skjoldal NAV 56349085/95947497  
Grethe Fosse Kommuneoverlege 56349292/90550127  
Jørgen Bleikli Radøy arbeidssenter 56349071/91781374  
Tore Rikstad Driftsleiar teknisk 56349051/90866656  
Kjell-Åge Sulebakk oppsynsm. Radøyhallen 56349140/95171833  
Anne Elisabeth Waage Radøy Folkeboksamling 56349110/95701963  
Rune Rydland Frivilligsentralen 56349030/91549660

**VARSLINGSLISTE** pr. 20. nov 2013  
Kriseleiing / -stab / vakttelefon -48287182

Jon Askeland ordfører	56349010	47459720
Ann Christin Hoen vara.ordfører		48107229
Jarle Landås rådmann	56349020	40228215
Johan B Sandal	56349015	95236496
Lisbeth Toppe Alvær	56349019	93036156
Jo Bjarte Tømmerbakke	56349018	47462610
Grete Fosse kom.overlege	56349222	90550127
Tonje N.Epland leiar PNT	56349050	90890781
Tore Rikstad driftsjef	56349051	90866656
Lin Tove Thomassen leiar.sørv.torg	56349011	47459722
Helge Vallestad rådgjevar oppvekst	56349025	48009949
Nina Kvamme rådgjevar omsorg	56349013	95120665
Toril Mulen landbrukssjef	56349069	45255889
Rune Rydland Frivilligsentralen	56349031	91549660
Harald J. Stanghelle beredskapskoordinator	56349009	97693456
Odd Matre	56349016	94508733
Jan Magnus Drivenes driftsleiar teknisk		41520946
Arthur Kleiveland sørvistorg	56349008	90735324

Analog linje til Sørvistorget 56370127  
Dette nummeret er uavhengig av egne teletenester, direkte frå Telenor.

Sivilforsvaret **55 10 93 00**